



STATNETT SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Johannes Anonby, 5764 3125

Fimreiteåsen naturreservat i Sogndal kommune – dispensasjon for terrenginngrep i samband med førebuande grunnboring for nye mastepunkt

Som førebuing av fornying av 300 kV-lina gjennom Fimreiteåsen naturreservat får Statnett SF, på gitte vilkår, dispensasjon for gjennomføring av grunnboringar for dei nye fjordspennmastene, og materielltransport og masseflytting som trengst til dette.

Vi viser til søknad frå Statnett SF dagsett 31.5.2021.

Søknaden med bakgrunn

Statnett har fått konsesjon for å fornye m.a. 300 kV-leidningen Sogndal – Hove, som passerer gjennom Fimreiteåsen naturreservat, med fjordspenn vestover. Fornyinga inneber etablering av ny line attmed den gamle. Sjølv om den gamle lina etterpå skal fjernast, vil etablering av nokre nye mastepunkt og transportveggar føre til ulike terrenginngrep i naturreservatet, både varige og mellombelse, og også behov for motorferdsel.


Ideelt burde alle terrenginngrep og motortransport i naturreservatet i samband med fornyinga av lina handsamast under eitt, slik at det var mogleg å vurdere totalomfanget av inngrep og uroing, som grunnlag for å avgjere kva krav som bør stillast til avbøtande eller kompensierende tiltak. I praksis krev ei slik totaloversikt derimot nokre føreundersøkingar, som i seg sjølve er avhengige av dispensasjon.

For å kunne fastslå omfang og behov for fundamenteringsarbeid for fjordspennmastene trengst god kunnskap om fjellkvaliteten på mastepunkta, noko som krev grunnboringar på kvart mastepunkt. To av mastepunkta er inne i Fimreiteåsen naturreservat, nemleg spennmastene SM173 C og SM173 D. I tillegg er SM173B tett på vernegrensa, slik at grunnboring for denne masta kan føre til behov for ferdse og massehandtering innanfor verneområdet. Det vil vere behov for avgraving av lausmassar før grunnboringa kan gjennomførast. Lausmassane er vurderte til å kunne vere inntil 1-2 meter djupe.



Massane vert mellomagra på staden og lagde attende etter gjennomføring. Det trengst også motorisert transport til dette arbeidet, både i form av køyring på eksisterande traktorveg gjennom reservatet, køyring med ATV kring fjordspennmastene for transport av tyngre utstyr, og også helikoptertransport for inn- og uttransport av utstyr.

Dette arbeidet er tenkt gjennomført i veke 23 og 24 i år.



Figur som låg ved søknaden, der tiltaka er kartfesta i høve til naturreservatet.

Heimelsgrunnlag og vår vurdering

Føreundersøka, med inngrepa og motorferdsla som ho krev, vert ramma av forbodsreglane i forskrifta av 11.12.2015 om vern av Fimreiteåsen naturreservat, §§ 3 og 5. Sidan desse einstilte tiltaka i liten grad er fanga opp i dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i forskrifta, vert søknaden handsama etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Om ein vurderer den omsøkte føreundersøkinga lausriven frå det stor linefornyingsprosjektet som ho er del av, vil ho neppe støtte krava i § 48, sidan tiltaket inneber betydelege terrenginngrep. Om tiltaket er naudsynt ut frå tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser, er på si side heilt avhengig av om det å leggje den nye 300 kV-lina gjennom Fimreiteåsen naturreservat er det.

I førearbeida til opprettinga av Fimreiteåsen naturreservat går det klart fram at styresmaktene la til grunn at etablering av 300 kV-lina skulle kunne fornyast i naturreservatet innanfor heimlane i naturmangfaldlova. Det vil i praksis seie at det vil vere mogleg å støtte krava til minst éin av dei tre dispensasjonsgrunnane i nml. § 48, 1. ledd. Dette må då også gjelde den føreundersøkinga som det no er søkt om. Kva for ein av dei tre dispensasjonsgrunnane som er rettast å bruke, og kva krav som i tilfelle må vere oppfylte, vil mellom anna kunne avhenge av totalomfanget av terrenginngrep og motorferdsel m.m. ved heile linefornynginga i naturreservatet. Dette totalomfanget – der



føreundersøkingane er ein del – må difor skildrast nærare som ein del av underlaget for søknaden frå Statnett for heile linefornyninga i naturreservatet.

Statsforvaltaren si vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 (jf. nml. § 7) bør i all hovudsak vente på hovudsøknaden frå Statnett, i det vi oppfattar dei omsøkte føreundersøkingane som naudsynte for ei forsvarleg gjennomføring av linefornyninga. Spørsmål som er knytte spesifikt til føreundersøkingane, er derimot val av tidspunkt for arbeidet, og også val mellom transportmiddel og transporttrasear (jf. naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege metodar og driftsteknikkar). Veke 23 og 24 er midt i hekketida for fugl. Ut frå kunnskapen vår om området (jf. naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget), er det likevel ikkje fare for at valet av tidsrom i dette tilfellet skal ha nemnande negativ verknad på hekking av fugl. Det er difor ikkje grunnlag for å krevje at arbeidet vert utsett. Val av transportmiddel i kvart tilfelle bør, ut frå same vurdering, basere seg på kva som er praktisk og rasjonelt, og kva som set minst mogleg varige spor etter gjennomføringa av heile linefornyninga.

Avgjerd

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, 1. ledd får Statnett SF med dette dispensasjon for gjennomføring av føreundersøkingar i samsvar med søknaden av 31.5.2021. Dispensasjonen er gjeven på følgjande vilkår:

1. Før det vert gjort inngrep i terreng eller vegetasjon, eller vert køyrt i terrenget, skal terreng og trasear fotodokumenterast med den kvaliteten og det omfanget som trengst for å kunne samanlikne seinare tilstandar med før-tilstanden.
2. Det skal leggjast vinn på å minimalisere terrenginngrep ut over det som er uunngåeleg ved gjennomføringa av fornying av 300 kV-lina.
3. Det skal leggjast vinn på å unngå unødige slitasje og uroing knytt til ulike former for transport.
4. Informasjon som Statens Naturoppsyn (SNO) og andre som kjenner området måtte ha, skal saman med Statnett sin eigen kompetanse brukast til å finne løysingar som gjev minst mogleg skade på naturreservatet og naturmangfaldet.
5. Av omsyn til SNO sin kontrollfunksjon skal SNO (Anne Rudsengen, tlf. 95 96 38 88) ha melding om oppstartdato, og melding om når føreundersøkinga er avslutta i felt.
6. Dispensasjonen gjeld året 2021. Dersom arbeidet i felt tek lengre tid enn dei to vekene Statnett reknar med, skal Statsforvaltaren ha melding om det når tida eventuelt kjem.
7. Søknad for heile arbeidet med fornying av 300 kV-lina i naturreservatet skal sendast til Statsforvaltaren når resultatane frå grunnundersøkingane, og anna som trengst for å skildre det samla omfanget av inngrep og motorferdsel i verneområdet for å gjennomføre kraftlinefornyninga, er klart.

Klagerett m.m.

Denne avgjerda kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Johannes Anonby
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO v/Anne Rudsengen

FIMREITE GRENDALAG c/o Sølvi L. Einevoll Fimreite Fimreitevegen 1551 6857 SOGNDAL

Johan Olav Bjerke

Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL